

LOV OG EVANGELIUM

Utgis av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 1

JANUAR 1994

30. årg.

God eller därleg frukt

Matt. 12, 33-37. Anten lyt de segja: *Treet er godt, og frukti på det er god, eller og: Treet er låkt, og frukti på det er låk. For på frukti kjenner ein treet. De ormeungar: Korleis kan de tala noko godt, de som er vonde? For frå munnen kjem det som hjarta er fullt av. Ein god mann ber fram gode ting av det gode han gøymer hjå seg, og ein vond mann ber fram vonde ting av det vonde han gøymer på. Men det segjer eg dykk: kvart gagnlaust ord som folk hev tala skal dei svara for på domedag, for etter ordi dine vert du frikjent, og etter ordi dine vert du felt.*

Denne teksten taler om å bera frukt, god eller därleg. Anten lyt de sia: Treet er godt, og frukti på det er god, eller og: Treet er därleg, og frukti på det er därleg. For på frukti kjenner ein treet, v. 33.

Eit lite biletet: Du har sikkert høyrt snakk om sur-apal. Den veks i utmark, og frukta er eple. Dei er nokså sure og beiske. Spar du ein slik surapal opp med rot og plantar han heime i hagen din, attmed den beste apalen, gjødsler og steller han godt, vil du då få god frukt? Du ville sikkert fått finare frukt enn før, men smaken ville vore den same, därleg frukt.

Korleis få god frukt? Jo, og her stemmer ikkje biletet lenger. Du kan pota inn kvistar frå den gode apalen og få gode epler med den gamle rot.

Me er lik ein slik sur-apal som ikkje kan bera god frukt for Gud. De orme-ungar, korleis kan de tala noko godt, de som er vonde? sa Jesus til farisearane, Mat. 12, 34 a. Den same attesten finn du i Rom. 3, 13 b - ormeeiter er under leppene deira. Det er vel eit negativt menneskesyn dette i vår tid. Men her i lovens speil får me sjå sanninga om oss sjølv, slik Gud ser den.

Og fordi me er så redningslaust fortapt i oss sjølv, har Gud i sin store

nåde og kjærleik, gjeve oss eit godt tre som bar god frukt. Eit nytt menneske er kome frå himmelen, med andre ord, ein stedfortreder, som ordna vår sak og gjorde det mogleg for oss å leva for Gud.

Det skjer ikkje ved bod og forskrifter, strev og innsats frå vår side, men ved å bli født på ny av Gud ved trua på Jesus. Du blir ei grein som blir pota inn i det gode treet, som er Jesus. Den gamle rot er ikkje bru-

kande. Eg er vintreet, de er greine-ne. Den som er i meg, og eg i han, han ber mykje frukt: for utan meg (skilt frå meg) kan de ingen ting gje- ra, Joh. 15, 5.

*Du rense mitt hjerte med ømmeste tukt
Og bløder enn grenen, den bærer dog frukt.
Du mener det godt med mitt dryppende sår,
Du har meg så kjær, og du best det forstår.*

(Gml. sangb. 499 v. 4)

Godtfred Nygård

Det skjulte skal bli åpenbart

Bibelen taler flere steder om at det som er skjult hos menneskene, det vil Gud føre frem i lyset. «Å føre skjulte ting frem i lyset.» Job. 28, 11. Jesus sier at intet er skjult som ikke skal bli åpenbart. Det er skjult for de vise og forstandige, men åpenbart for de umyndige. Matt. 10, 26.

Skriften taler her om skjulte ting som er åpenbart for enkelte, men skjult for andre. Det er mitt ønske at disse linjer kunne være med å vise noen litt av disse ting.

Det første vi må spørre om, er hvorledes Gud åpenbarer de skjulte ting for oss. Til det svarer Skriften at det er Den Hellige Ånd sin gjer- ning, ved Guds ord - Bibelen - og

ved forkynnelsen, vitnesbyrd og det skrevne ord av forkynnere, lærere og andre. Det er stort når en hører noen si etter et møte: I kveld ble evangeliet om Jesus åpenbart for mitt hjerte. Det er jo mange forskjel- lige måter dette kan gå til på, men det vil alltid bli som den blindfødte sa: Jeg som var blind, ser nå.

Men selv om evangeliet om Jesus er åpenbart for oss, så er det så mange andre ting som vi trenger å se. Det står skrevet at han for opp i det høye for å gi menneskene gaver (Efes. 4, 8). Han gav oss alle ting med Ham (Rom. 8). Hva disse ga- ver består i, det trenger vi å få se. Jeg vil prøve å ta frem noen av dem.

Guds kjærlighet er utøst i våre

hjerter (Rom. 5, 5). Det er en meget kostbar gave. Eier du denne gave? Det går frem av Guds ord at en kan eie mange av de andre Guds nådegaver, men tape denne gave. Det ser vi for eksempel av brevet til meninghetsforstanderen i Efesus (Openb. 2) Der ser vi at har vi tapt kjærigheten, da reknes alt det andre for intet. Derfor bruker Ordet i 1. Kor. 14, 1 et meget sterkt uttrykk: *Jag etter kjærighet!* Det fortsetter videre med et annet uttrykk: *Strev etter de åndelige gaver*.

Hvorledes er det med dette jag og

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender ekspedisjonen navn og adresse.

Bladet blir holdt opp av frivillige gaver.

Eksp.: Abonnement, oppsigelse og adresseforandring sendes til Dag Rune Lid,
5600 Norheimssund, tlf. 56 55 26 72

Gaver til bladet kan sendes kasserer M. Frafjord
Postgiro 0801.5682133.

Red. Styret i N.L.L. v/Ragnar Opstad,
Opstadv. 38,4350 Nærbø. Tlf. 51 43 36 85.

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Formann Karl B. Bø

Vistnesven. 13, 4070 Randaberg,
telefon og fax 51 41 87 46

Sekretær Håvar Fjære, Goksjøruta,
3220 Sandefjord, tlf. 33 11 08 31

Kasserer Margrete Frafjord, 4164 Fogn.
Postgiro 0801.5682133. Bankgiro 3204.10.10222

BIBELSKOLEN PÅ FOSSNES

3160 Stokke Telefon 33 33 93 98, telefax 33 33 91 40

Bankgiro 2490.45.39496

Postgiro 0825.0771534

strev etter kjærighet mellom oss som lever idag? Jeg synes det er ikke mye av strev etter de åndelige gaver å se, langt mindre at de blir tatt i bruk i forsamlingen. Det burde ikke være så.

Den profetiske gave. Mange har den profetiske gave, uten at de er klar over det. Ser vi på profetene Bibelen omtaler, da er det et fellesstrekk som trer klart frem hos dem alle. De så klart den åndelige stilling som folket levde i, og de ble sendt til folket for å opplyse dem om den.

Også i vår tid er det noen som eier et klart syn på den åndelige stilling folket lever i, for de har fått den profetiske gave. Jo klarere dette synet kommer frem, dess mer motstand vil de møte, særlig fra den kant de minst hadde ventet det.

Det går an å eie profetisk gave uten å kunne tale profetisk. Det ser vi for eksempel av Moses. Han var profet - og så profetisk, men han kunne ikke tale. Da lot Gud Aron bære hans syn frem for folket. Slik er det også i dag, at mange har et klart syn uten å eie evne til å tale det ut til andre. De bør fortelle det de ser til andre som har evne til å bære det frem, eller forsøke å skrive om det.

Den som har del i den profetiske gave, vil også møte en kraftig motstand fra sjelefienden. For den som ser stillingen folk lever i og som vå-

ger å tale om det, han blir en fare for djevelens rike. Det er årsaken til at han forsøker på mange vis å få oss inn i en blindgate. Og for meg ser det ut for at det lykkes så alt for ofte.

En av de farligste måter han arbeider på er å føre oss inn i «et sinn som ikke duger». Alle sanne profeter har *hyrdesinnet*, og førene hører røsten. Men her finnes også profeter med *ulvesinn*. Deres måte å arbeide på virker splittende, selv om de har profetisk syn og gave. Vi har også profeter med *trellesinn*. Disse er en stor fare i vår tid, og der skal mye åndelig lys til for å oppdage dem. Så har vi en fjerde sort profeter, og det er Bileam og de som går Bileams vei. De kjennes på sammenblanding og tolleranse.

Prøv å sett deg inn i disse forskjellige profetyper, og be Gud om lys og nåde til å forstå deres tale og skille mellom det som er sant og

falskt. For alle disse typer profeter finnes også på våre talerstoler i Norge.

Den som er av samme sinn som profeten eller forkynneren, vil like ham og følge ham og hans syn. Men de som har hyrdesinnet, de får ingen ting for de hører ikke hyrderosten. Det er årsaken til at vi kan høre noen gå begeistret fra et møte, mens andre går syke, tomme og sorgfulle; for selv om de hørte mange gode sannheter, så manglet hyrderosten.

«Mine får hører min røst, og jeg kjenner dem, og de følger meg, og jeg gir dem evig liv, og de skal aldri i evighet fortapes, og ingen skal rive dem ut av min hånd.» Johs. 10.

Måtte Gud gi oss nåde til å prøve oss selv, om det er hyrdesinnet som rår i vårt hjerte og liv - og når vi taler, vitner eller skriver:

Ole Rolfsnes

Han er vår fred

Hendinga som gjekk føre seg julenatt, har levd i tankane mine ei tid. Eit spørsmål har kome til meg: Kva om hyrdingane ikkje hadde forlete buskapen, men berre blitt der dei var?

Då ville dei kjent til at den frelsaren som var lova – no var komen. Dei ville også ha ei stor åndeleg oppleveling å vitna om. Men dei kunne ikkje ha vitna om at dei hadde funne frelsaren, og dei hadde vore

ukjende med den store *gleda*, som me les vart dei til del.

Her synest det å gå eit skilje mellom dei som veit om – og dei som har funne. Eller sagt med andre ord: mellom kunnskap og kjennskap.

Hyrdingane hadde fått ein bestemt bodskap å gå på, ein glad bodskap: «I dag er det fødd dykk ein Frelsar –» Og: «– det skal de ha til merke (teikn): De skal finna eit lite barn –»

Eit merkeleg teikn! Hadde dei heller vore lova ei stor åndeleg oppleving! Men berre eit lite barn. Likevel, dette barn vart til stor gleda for hyrdingane. Hyrdingane hadde gitt akt på Ordet som dei hadde motteke.

Det er når ein gir akt på Ordet om Jesus – at han let seg finna. I dette barn såg dei si bering.

Me les òg om ein mann som heitte Simeon, som venta på Israels trøyst. No kom han til templet. Det var Anden som dreiv han. Han tok Jesusbarnet på armane sine og lova Gud og sa: «Herre, no let du tenaren din fara herifrå i fred, etter ditt ord; for augo mine har sett *di frelsa* –» Simeon hadde all si von om evig liv – åleine i dette barn.

Jesus Reid ein dag inn i Jerusalem. Då han nærma seg byen, gret han over han og sa: «Hadde du berre visst, om ikkje før enn i dag, kva

som tener til di velferd! Men no er det dult for augo dine.»

Kva var det så som tente dei til deira velferd – eller deira *fred*? som det står i bokmålsbibelen. Det var HAN, som sa desse orda. Det var Jesus som tente dei til deira fred – med sitt liv, sin stedfortredargjerning. Men dei såg det ikkje.

Hyrdingane såg det, Simeon forstod det – og fleire med dei. Men for dei mange, mange er dette løynt.

Har det gått opp for deg at Jesus har tent deg til din fred? «For Han er vår fred –» Ef. 2, 14a. «Med di han gjorde fred med blodet på krossen hans –» Kol. 1, 20.

*Verda har Frelsaren løyst ut or bandet.
Ja, på sitt hjarta kvar syndar han bar.
Då på sitt kors under hugverk og vande
Til vår utløysing han sonofret var.
Vreiden han sløkte då blodkjelda flødde,
Skuldbrevet vårt det vart sletta med blod.
Domaren sjølv for dei dødsdømde døydde,
Gud er forsona, og Gud er oss god.*

Får denne bodskapen rom i våre hjarto, då vil vi få gjera den same erfaring som Simeon og hyrdingane, om at Han som gjorde fred, Han som *er* vår fred – også vil lata sin fred bu i våre hjarto.

Ragnar Opstad

Guds rike kan liknast med ein mann som sådde godt frø i åkeren sin

I Matt. 13 set Jesus fram ei likning: «Himmelriket kan liknast med ein mann som sådde godt frø i åkeren sin; men medan folket sov, kom uvenen hans og sådde svimling millom kveiten, og gjekk sin veg. Då no åkeren vokser opp og skaut aks, so kom svimlingen til synes. Då gjekk sveinane til husbonden og sa: Herre, sådde du ikkje godt frø i åkeren din? Kvar kjem då ugraset frå? Det hev ein uven gjort, svara han. Vil du me skal gå og rykkja det opp? seier dei. Nei, sa han, for då kunne de koma til og rykkja opp kveiten og med det same. Lat dei både veksa saman til hausten, og når skurdonna kjem, vil eg seia til skjerarane: Sanka først svimlingen saman og bunta han ihop til å brennast, men hav kveiten i løda mi!»

For kort tid sidan høyrdet eg dette ordet lese, og det opna seg så eg såg føre meg Guds veldige åker, dei to som sådde der, og sædet dei sådde, og det som vaks opp i åkeren *i dag, i vår tid*. Det var eit svært syn, som eg ynskjer eg kunne få nåde til å skriva ned, ved Andens hjelp og velsigning, så du også kunne få sjå det.

Lærersteinane ba Jesus tyda denne likninga for dei, og han sa at åkeren er verda. Me har lett for å gløyma at *Guds åker er verda*. Det er nok årsaka til at då Jesus kalla apostlane til å gå ut og gjera alle folk til hans lærersteinar, så sa han dei skulle ta til i Jerusalem og gå ut til jorda sin ytterste ende. På dette veldige åkerland er det han også har kalla meg og deg til å vera Guds

medarbeidarar, og Jesus bed oss om å be Gud om å driva ut arbeidarar til å hausta inn grøda. Han har sjølv lova å vera med alle dagar, han som har all makt både i himmelen og på jorda, og han står framleis ved sin lovnad.

Såmannen

Jesus sa at den som sår den gode sæd, er *Menneskesonen*. Det vil seia Gud sjølv, han som feste bu mellom oss i mennesket Jesus Kristus, Guds Son, og kalla seg sjølv Menneskesonen.

Og me høyrer at *sæden er god*, så om den ofte ser ut for å ha dårleg spireevne, er det ikkje sæden si skuld, men det dårlege «jordsmunnet.»

Guds ord seier at sæden er uforgjengeleg, ikkje påverka av tid og

alder, men levande og kraftig, full av nåde og sanning, som spirer fram til liv og sæla i det hjarta han får slå rot.

Åkeren derimot, som er menneskehjarta, kvar du møter det på jorda, er vondt og fullt av synd og vantru, kjærleik til synda og verda og til seg sjølv, fullt av fiendskap mot Gud, stolt og hardt; der veks torn og tistel. Det seier seg sjølv at skal den gode sæd få leva og slå rot, så må Gud rydda, bryta og bearbeida hjartejorda til ho blir slik Bibelen uttrykkjer det: Den gode jorda som ber grøda, sumt hundrad foll, og sumt seksti foll, og sumt tretti foll.

Når sveinane såg utover åkeren, spurde dei husbonden: Sådde du ikkje godt frø i åkeren din? Det same spør me også i dag, når me ser ut over verda, ser mennesket og det som lever, spirer og gror *i* og *ut* av menneskehjarto.

Jesus svara at det har ein fiende gjort. Mens folketsov, sådde og sår han sin sæd. Og fienden er djevelen, Guds svorne fiende og menneskeætta sin verste fiende. Og i dag søv den store del av folket tyngre enn nokonsinne, så han ser ut for å ha fritt spel i sin skjendige gjerning. Dei trur ikkje djevelen er til, og har moro av dei som er så einfaldige at dei trur det, og ser ikkje dei sindrige og effektive såmaskinane han sår sin djevelske sæd med.

Kva er så sæden som blir satt?

Jesus tyder det for læresveinane, og seier at det gode frøet er dei som høyrer heime i riket – Guds rike. Svimlingen, den sæd som fienden – djevelen – sår, det er dei menneske som høyrer den vonde til.

Av dette ser me at både Gud og djevelen brukar menneske når dei vil så sin sæd i verda, i menneskehjarta. Av den grunn utvalde og kalla Jesus apostlane og sende dei ut til all verda, og har fortsett med å kalla og utsenda sine frelse og gjenfødde barn til denne dag.

Til å begynna med likna svimlingen på kveiten, så ingen la merke til at det som voks i same åkeren, sida om sida, det var noko av Gud og noko av den vonde. Først når det skaut aks, når frukta kom til synne, viste det seg kva rot det var runne av, kva art det tilhøyrde. Difor sa Jesus ved eit anna høve: På fruktene skal de kjenna dei. Ein god mann ber fram av det gode han gøymer i hjarta, og ein vond mann ber fram av det vonde han gøymer i hjarta.

I det ytre er dei båe to, like, naturlege menneske med dei same eigenskapar, men i hjarta, det som bur i hjarta, og som dei gøymer i hjarta og arten dei tilhøyrer og er av, den er høgst ulik.

*Dei som høyrer riket til
Dei er fødd av Gud, ikkje ved*

forgjengeleg sæd, men ved uforgjengeleg sæd, ved Guds ord som lever og varer. Dei eig trua på Gud, på Guds ord, på Jesus Guds Son, på ordet om krossen, evangeliet om Jesus Kristus som døydde for våre synder og sto opp til vår rettferdig gjerning, på utløysaren og verda sin frelsar. Dei eig Guds Heilage Ande, har del i Jesu Kristi sinnelag, har fred med Gud i eit godt og reinsa samvit ved Jesu Kristi dyre blod, eig del i guddommeleg natur. Med andre ord; Jesus Kristus har ved trua kome inn i ditt hjarta og teke bustader. Og Jesus har gjeve deg sitt ord, du har teke imot det, og det skal du bringa til verda, der du lever, og så langt han kallar og sender deg. Det ord som har slege rot i hjarta ditt, og som Gud gjev vekst, vil visa seg i livet du lever på jorda. Gjennom dette arbeider Gud i dei hjarto du lever mellom, anten du ser det eller ikkje. «Andens frukt er kjærleik, gleda, fred, langmod, mildskap, godleik, truskap, spaklynde, fråhald; mot slike er ikkje lova» (Gal. 5, 22.) «Den som sår i Anden, skal hausta æveleg liv av Anden.» (Galat. 6, 8) Dette var i korte ord litt om den sæd Gud sår i verda ved rikets barn.

Dei som høyrer den vonde til.

Det er alle naturlege menneske som ikkje er gjenfødt ved trua på Jesus, anten dei lever i openberre syn-

der, eller er religiøse, fine og gode menneske, som farisearane og dei skriftlærde på Jesu tid. Dei lever utanom samfunnet med Jesus, eig verda og tida si ånd, lever og ferdast på verdsleg vis, etter verda sin hovding – djevelen – som vantrua sine barn, lever i sitt kjøts lyster, gjer det som kjøtet og tankane vil, og er av natur eit vredens barn. (Efes. 2, 1-3).

Jesus seier til dei i Johs. 8: «Var Gud far dykkar, så hadde de meg kjær; for eg har gjenge ut frå Gud og er komen frå han; ikkje heller er eg komen av meg sjølv; det er han som har sendt meg. Kvi skynar de ikkje det eg sier? Av di de ikkje toler å høyra orda mine! *De har djevelen til far;* og vil helst gjera det far dykkar huggast; han som var ein manndråpar frå fyrste tid og har ikkje sitt stødde i sanninga; for det finst ikkje sanning i han. Når han talar lygn, talar han av sitt eige; for han er ein ljugar og far åt lygna. Men meg trur de ikkje, av di eg seier det som sant er.»

«Dei som er i kjøtet, kan ikkje tekkjast Gud, for det som kjøtet trår etter er fiendskap mot Gud.» (Rom. 8. kap.) «Og kjøtets gjerningar er openberre, slike som: utukt, ureinskap, lauslivnad, avgudsdyrkning, trolldom, fiendskap, kiv, vreide, usemja, tvidrag, sundringar, misuning, mord, drykk, svir og meir slikt; om dette seier eg dykk fyreåt,

liksom eg fyrr har sagt, at dei som fer med slikt, skal ikkje arva Guds rike.» (Galat. 5, 19-21).

Blir slike ting sått i dag? Kjenner du denne sæd, og blir den sått i din heim og blant dine barn? Den flyrmer utover verda, inn i heimane og inn i hjarto, gjennom litteratur, radio, fjernsyn, og i det siste gjennom video. Mens folket sov, sår djevelen sin djevelske sæd gjennom dei som høyrer den vonde til. Og aller verst er det når mor og far sår vantrua, den verdslege ånd og liv, og meir eller mindre av ovannemnde sæd i eigen heim og i eigne barn, utan å vita det, for denne verda sin Gud har blinda deira vantru sinn.

«Far ikkje vilt, Gud let seg ikkje spotta, det som eit menneske sår, det skal han og hausta. Den som sår i sitt kjøt, skal hausta tyning av kjøtet, men den som sår i Anden, han skal hausta æveleg liv av Anden.» (Galat. 6, 7-8).

Og frukta av denne vonde sæd uteblir ikkje: Utukt og hor tek overhand heilt frå barne eller skuleladeren, likeeins unatur og ureinskap – ved samliv mellom to av same kjønn, «papirlause ekteskap» der to lever saman utan å vera lovleg gift. Vold og tjuveri og ran aukar, saman med lovløysa og forakt for lov og rett, forakt mot Gud og hans ord, hån og spott mot alt heilagt, drap av eigne barn i mors liv, ugudelege lo-

var, og falsk lære som gjer det vonde godt og rett, og det gode vondt. Dette er berre litt av den uhyggelege frukt som viser seg i verda i dag. Det er ei livslov, at det du sår, det skal du og hausta. Synda si løn er døden, seier Guds ord, men Guds nådegåva er evig liv i Kristus Jesus, vår Herre. Mange anar det me har i vente, og fryktar atombombene sine uhyggelege fylgjer, og protestar mot våpenkapplaupet og ropar om fred og atomfrie soner, til ingen nytte. Krig og død er uunngåeleg når syn demålet blir fullt for kvart folk som vender ryggen til Gud på fråfallets veg. Berre ei sann omvendning til Gud og Jesu Kristi evangelium og Guds ord kan berga oss frå atombomba.

Lat dei båe veksa saman, i same åkeren, som er verda, til hausten kjem, sa Jesus.

Hausten

Hausten er enden på verda, då alle vantru og ugudlege menneske skal få sin dom og verta fortapte, som Peter seier det i 2. Pet. brev 3, 7-fg. Då skal jorda og himmelkama ne koma i brann og bli oppløyst.

Haustfolket er englane. «Menneskesonen skal senda ut englane sine, og dei skal sanka ut or riket hans alt som skjemmer ut, og alle som gjer urett, og kasta det i den gloande omnen der dei græt og skjer tenner.»

Det er Jesus sine ord. «Men kveiten, dei rettferdige som høyrer riket til, dei skal skina som sola i riket hjå far min.»

Jesus sluttar likninga med orda: «Høyr etter kvar som øyro hev!» Høyrer du hans røyst så forherd ikkje harta ditt, men tru til frelse for sjela. Kjære ven, kven du så er: «I

dag deg tilbydes forsoning. Kan hende ei bud mer deg når. Og snart skal du stilles for tronen, Der dommen av Herren du får. Så fly til den fristaden skjønne, Til Frelserens vunder og sår! Barmhjertighet der du skal finne, Forløsning i blodet du får.»

Amund Lid

«For din skyld min Gud.»

Tale av Sven Berglund på Skårneshøyden 31. okt. 1993

Daniel 9.15-19

Bots og bededag står det til overskrift ein gong i året, ein søndag i kyrkjearret. Når me ser åndssituasjonen i land og folk, og lever i fortruleg samfunn med Herren i hans Ord, då ser me ganske snart behovet for ikkje berre ein dag i året, men for ei åndleg vekkjingstid. I kyrkjhistorien les me om mange underlege tider, og dei eldre blant oss kan hugse slike tider. Lekmannsmisjonen blei også fødd i ei slik tid. Det er ei vond og vanskeleg tid, ei vekkjingstid, men likevel den herlegaste tida. Det er det me manglar mest av alt i dag: Sann, gjennomgripande vekkjing, der folket får med Gud å gjere, og ikkje med emissären, forkynnaren, evangelisten eller misjonen. Me treng eit møte med den tre gonger Heilage, som Jesaja. Han blei

fortapt, og det er det som er mangelvare.

Me snakkar mykje om frelsesfryd i dag, men det blir ingen frelsesfryd der det ikkje er syndenaud. Det høyrer uløyseleg saman. «Ve meg! Jeg er fortapt, for jeg er en mann men urene lepper og jeg bor midt i blant et folk med urene lepper.» Jesaja blir fortapt, men så møter han også Han som rører ved det fortapte. Det er så underleg med Jesus. Han har slik ein underleg trang Jesus. Han går etter det fortapte. Han gjer sitt ytterste for å berge.

Daniel gjekk i forbøn for folket, og så veit me om åndssituasjonen. Det burde vere slik mellom oss at me ikkje såg så mykje på alle dei andre, for den «største fienden bær du, djupt i din eigen barm.» Du må bli avkledd sjølv, slik som Daniel blei det. Daniel

såg ikkje på kor dårleg det var hos alle dei andre, men han seier: Vi har synda. Når det blir slik, då blir det godt å få kvila i at mi einaste fromhet innfor Gud er «syndernes forlatelse», som Lina Sandell syng det.

Kva seier Daniel i sitt bønebegjær: «For din egen skyld min Gud», og det seier han to gonger. Det er eit vitnesbyrd som går gjennom heile Guds Ord. Daniel går i forbøn for folket, og kva seier Jesaja: «Dere som minner Herren, unn Dere ingen ro!» (62.6). Det er ei helsing til oss som Guds folk i dag - «dere som minner Herren unn Dere ingen ro», før han etter har bygt opp Jerusalems murar. Jerusalem er menigheten.

Me møter Daniel som vektar og forbedar her. Det første me legg merke til i Daniel sitt liv er sjølverkjenningsa, og det er der vekkjinga tek til. Romarbrevet seier at det er Guds vilje at me skal kome til «sannhets erkjenning». Uten at det skjer, så blir ingen frelst.

Daniel går rett på sak, han seier det slik som det er: Vi har synda, seier han. Han seier ikkje at han har mislukkast på noko område, men han seier det som det er. Han ropar til Gud for eit fråfalle folk, for sitt eige folk, og han tek seg sjølv med. Me skulle høre og lære av denne åndens mann. Han går inn i nauda, han stiller seg ikkje over, men han stiller seg i lag med folket. Han stiller seg i lag med dei

verste. Han seier: Vi har synda, og ikkje at dei andre har synda.

Han har akkurat fått høyre at forkastinga av Guds folk Israel skal vare i 70 år. Jerusalem skal ligge i ruinar, og det har knust hans hjarte. Då ropar også profeten i lag med folket, og han sjølv er ein fortapt syndar. Å du kor me saknar slike profetar mellom oss - profetånda - nauda. Det er ein ting å fekte og slå, men det er ein annan ting å eige denne naud - å stille seg i lag med folket.

I kap. 9 og vers 3 står det: «Da vendte jeg mitt ansikt til Gud Herren for å søke ham med bønn og ydmyke begjæringer, med faste og sekk og aske. Jeg bad til Herren min Gud og bekjente og sa: Å Herre! Du store og forferdelige Gud som holder din pakt og bevarer miskunn mot dem som elsker deg og holder dine bud!»

Kva seier han: - Vi har synda. Vi har gjort ille. Vi har veke av. Vi har vore ugudelege. Vi har sett oss opp. **VI HØYRDE IKKJE.** Alt står i ein sum til slutt - **DEI HØYRDE IKKJE.** Det er den eigentlege synda. Guds Ord er gitt oss til lærdom også i denne tid, og me kjenner oss igjen dersom Guds Ånd får kaste lys over tidsånda og vårt eige fordervelege hjarte. Då kjenner me oss igjen i denne naud, det er akkurat slik det står til med oss. Denne bøn burde me ta med oss inn på bedehus og kyrkje i dag.

Jeremia var så ung og uerfaren, og

så fekk han det tunge oppdrag å rive ned alt dei bygde på - så skulle han plante. Det var eit tungt oppdrag han fekk, og så sa han til folket: «Stå på veiene og se til. Spør etter de gamle stier. Spør hvor veien til det gode går, og vandre på den! Så skal dere finne hvile for deres sjeler. Men de sa: Vi vil ikke vandre på den.» Dei ville ikkje høre, det var så gamaldags. Dei ville ha noko nytt. Akkurat som Israels barn i ørkenen. Dei ville ikkje ha manna, dei ville ha annan mat.

Dei skulle gi akt på basunens lyd når faren nærma seg, men dei sa: Me vil ikkje høre. Kva seier Jeremia i 7.22-23: «For den dag jeg førte deres fedre ut av landet Egypt, da talte jeg ikke til dem om brennoffer og slaktoffer, og jeg gav dem ikke befaling om det. Men dette var det bud jeg gav dem. *Hør på min røst!* Så vil jeg være deres Gud, og dere skal være mitt folk. Dere skal vandre på alle de veier jeg befaler dere, så skal det gå dere vel.» Det var ein ting Gud bad dei om. Det er ein ting Gud ber det norske folk om. Ikkje alle moglege «ofringer», men: *Høyr Ordet!*

Gud seier det same gjennom profeten Jesaja: «Hør! Så skal deres sjel leve.» Kva skal me høre? Høyr Herrens Ord, så skal di sjel leve. Kva er hovudsynda i dag? Jau, akkurat det same som på Jeremia si tid - det står: «Men de hørte ikke og vendte ikke øret til meg. De fulgte sine egne tan-

ker, sitt onde, hårde hjerte. De vendte ryggen, ikke ansiktet til meg.» (7.24) Slik møtte folket han. Kva med erkjening av sanninga? Kva med vekkingja blant oss? Vil me ikkje høre? Den store naud i dag er at me er så flinke, greier oss så godt, men me blir så lite avhengige av Herren - vårt håp. Det er nauda.

Når Daniel kjem med sjølverkjening fram for Gud, så kjem han også med bønnebegjær. Han seier: La din vrede vende seg bort, så ber han for folket og landet - «se våre ruiner». Det er Guds folk, menigheten, arbeidet på bedehuset - sjå våre ruinar.

«La din vrede vende seg bort fra Jerusalem.» For at Guds vrede skal vende seg bort, må det noko heilt spesielt til. Han hadde ikkje bede dei kome med slaktoffer og syndoffer. Kvarfor? Han har kome med det sjølv. Han har sjølv gjort det du og eg skulle gjere.

For at Guds vrede skal vende seg bort frå Jerusalem, Guds by, Guds folk, menigheten - så måtte det eit blodig offer til. Me kan lese om Israel under ørkenvandringa, det er sorgjelag å lese - men det er så likt Guds folk til alle tider. I 4. Mosebok les me om at Israel byrja å blande seg med folka rundt omkring. Dei kom til Moab, og der såg dei mange fine jenter, og så byrja dei å leggje beslag på dei. Dei byrja å blande seg. Det er eit bilete på korleis Guds folk driv åndeleg

hor. Korleis dei blandar seg med folket, og verdslegdomen trengjer seg inn.

Gud hadde sagt så tydeleg at dei ikkje skulle blande seg med andre folk. Så blei Herrens vreide opptent, og han greip inn. Kva skjedde? Jau, det står at det gjekk ein sjukdom over leiren, og at 20.000 mann fall på ei lita stund. Kvifor utsletta han ikkje alle? Det stansa plutselig. Kvifor stansa sjukdommen? Det var to mann som greip inn, og det var ein mann som utførte handlinga, han greip inn med sverd og drap ein mann og ei kvinne - blodet rant.

Så seier Herren i 4. Mosebok 25.11-13: «Pinehas, sønn av Eleaser og sønnesønn av Aron, presten, har vendt min vrede bort fra Israels barn. For han brant av min nidkjærhet blant dem, så jeg ikke gjorde ende på Israels barn i min nidkjærhet. Derfor skal du si: Se, jeg gjør min pakt med ham at det skal gå ham vel. Med ham og hans etterkommere gjør jeg en pakt at de skal ha et evig prestedømme, fordi han var nidkjær for sin Gud og gjorde soning for Israels barn.» Her står Pinehas som eit førebilete på Jesus. Han går inn med Guds nidkjærhet og gjer soning for Israels born, og så går slekta fri. Så blir slekta som følgde han – utpeikt til eit heilagt prestedøme, og slik er Guds folk i dag.

Så seier Guds Ord at det ikkje berre er ei hending i det gamle testamen-

te den gongen, men ein finn det att då Israel skulle ut av Egypt. Gud seier det skal vere ei evig forskrift for Israels born. Dei skal ta si tilflukt til blodet av eit lytelaust lam. Som det står i Hebrearbrevet: «Og uten at blod blir utgytt, blir ikke synd tilgitt.» (9.22) Kva er det då me håpar på? Jau, me har ein ting å håpe på, og det er Herren sjølv.

Akkurat som Luther kjempa med det i sin kamp, då han blei vakt av Gud og spurte: Korleis skal eg finna ein nådig Gud? Jau, Gud sjølv bringa sonofferet og blodet. Kva seier han i Rom. 5.6 «For mens vi ennå var skrøpelige, døde Kristus til fastsatt tid for uguadelige.»

Det er godt Gud veit kva me heiter, men det veit djevelen òg. Så kjem han og seier: Du passar ikkje saman med Jesus, du som er urein, du som er uguudeleg, du som steller deg så dårlig, du veit kor fine alle dei andre er som du går saman med blant Guds folk. Slik er det i ditt hjarte - hyklar! Du skulle slutte av med alt dette! Kva skal du seie då? Då skal du seie djevelen akkurat som det stod her: «Mens vi ennå var skrøpelige, døde Kristus til fastsatt tid for uguadelige.» Du får gje djevelen rett i at ditt navn står her, men det var for slike at Jesus har døydd - for uguudelege.

Rosenius syng: «Du kan ikke tro, å men kjære så hør, Gud har jo sin sønn for oss givet, Kom hit, kom til korset,

se Lammet som dør, Dets blod har ervervet oss livet, Og synden fra verden borttaget.» Trur du det? Har du gått denne vegen der det blei behov for eit slikt stort evangelium. Får me ikkje det samme evangeliet, så kan ingen bli frelst. Så enkelt og så djupt. «Dets blod har ervervet oss livet og synden fra verden borttaget.»

Det er så mange som seier at soninga skjer når du kjem til Jesus, når du gjer noko. Nei, det er Jesus som har gjort noko. Det står at ingen kan kome til han utan at Faderen som har sendt han «drager ham». Det er når Gud utfører sitt verk og si draging, det er då du byrjar å få bruk for dette. Då blir det ikkje alt du gjer, kjem med, eller overgir deg til - men då openberrar Den Heilage Ande det som allereie er ferdig. Det er det som er ferdig, som er evangeliet. Treng du det? Har du gått den vegen der det blei eit behov for nåde og nytt liv, ein annan si rettferd? Har du funne det Lina Sandell syng om i sangen: «Soningsblodet, soningsblodet der eg liv og frelsa fant.» Du har vel ikkje funne det nokon annan plass? Soningsblodet, der eg liv og frelsa fant! Det låg ferdig og venta på meg.

Daniel ser først nauda i *sitt* hjarte, så ser han nauda i land og folk. - Sjå våre ruinar, og staden som er kalla med ditt namn, seier han. Det er fråfallet i menigheten - våre ruinar. Det er det Gud ser med sitt frelsarblikk.

«Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann», syng songaren. Kva brann er det hos Jesus då? «Gi meg ditt ømme frelsersinn - for slektens sorg og harm.» Det er ingen som blir lukka inn i Jesu naud utan at han ser ruinane rundt omkring.

Så ber Daniel: «La ditt åsyn lyse.» Det er omtrent det same som Moses bad om. Gud vil meir enn noko anna at du skal få sjå Guds herlegdom, du blir ikkje frelst utan at du har fått sett Guds herlegdom. Så kjem han som er Guds herlegdom, og så seier Guds Ord: Ordet blei kjøt og tok bustad blant oss - full av nåde og sanning. Det er dette du og eg treng mest av alt. Det er Jesus du og eg treng.

Eg hugsar heime i Sverige då nauða var som størst, og bibelstriden gjekk som hardast, og vi skilde lag med dei som ikkje ville stå på Guds Ord. Ein ting som undra meg, var at så mange var opptekne av Jesus i den tida. Men så gjekk det ei tid, og den fyrste kjærleiken tok til å kolne. Når ein så kom til desse personane igjen, så kom samtalen inn på alt mogleg anna. Det blei sukk, ve og klager. Å kor därleg det er! Å kor därleg dei har det! osv. Å for ei forbanning om ein kjem inn i dette. Ein blir ikkje lenger oppteken av Jesus - for ei fallgrop.

Ein blir oppteken med strid og alt mogleg anna rart - men ikkje oppteken av Jesus. Strid skal ein nok få smake med det synet ein har i Guds

Ord, men det er ikkje det me skal søkje og vere opptekne av, men me skal vere opptekne av Jesus. Det er Jesus me treng, og det er Jesus me treng å få sjå igjen og igjen, kjære vener. Det er ikkje frelse i noko anna. Det er ikkje noko lys eller lysestake utan Jesus - berre ein ruinhaug.

Så kan me rose oss av alle moglege ting. Det kan vere framgang, der me finn oss sjølv i Lekmannsmisjonen også. Det er ikkje hjelp i å forkynna, det er ikkje hjelp i ein fin ungdomsflokk, det er ikkje hjelp i ein bibelskule - ein ruinhaug, dersom ikkje Jesus er hyrdingen.

Kva så med bønesvaret? Kva seier Daniel? (Dan.9.18-19) Det er ein einaste grunn til at Gud skal svare ein knust, fortapt syndar og det er - «for hans egen skyld». Det er ikkje noko ved oss som skulle tilseie at Gud skulle svare. Daniel seier det så tydeleg og klart: «Ikke for våre egne rettferdige gjerninger...». Jesaja seier: «All vår rettferdighet er lik et skittent klesplagg.» Lina Sandell seier det så fint i sangen «Forsoninga er vunnen». I det 4. verset syng ho: «Du einast er rettferdig, og all mi rettferd er Så sulka til av synda, som du, min Herre ser: Di rettferd einast, Frelsar, gjer me verdig.» Sjå også vers 5 og 6 i sangboka på nr. 251.

Daniel sitt vitnesbyrd stemmer med Guds Ord. Grunnen til Guds nåde er å finne i Guds eige hjarte. «For

din egen skyld min Gud.» Kva seier Gud? «Du har bare trettet meg med dine synder, og voldt meg møye med dine misgjerninger.» (Jesaja 43.24) Det er du og eg det. Du har ikkje gjort noko av det Gud sa du skulle gjere. Men «Jeg, jeg er den som utsletter dinne misgjerninger for min skyld, og dinne synder kommer jeg ikke i hu.» Det er det same me finn hos Daniel i 9.9 «Hos Herren vår Gud er barmhjertighet og tilgivelse. For vi har satt oss opp imot ham.»

Det er også det Lina Sandell syng om: «Alt anna det er utrygt, alt anna sviker meg, Men einast nåden din er stø og stendig. Visst har eg lite elska og lite ottast deg, Og enno er min kjærleik høgst elendig. Men du har ikkje grunna mitt barnekår på den - Då hadde eg gått under, mén sjå, eg lever enn! Eg einast av din frie nåde lever.» (251, vers 7) Barnekåret er grunna på Jesus aleine.

Det var også noko som talte til meg om forbøn i dette med Daniel, og det er Guds folk kalla til. Guds rike blir bygt ved Ord og bøn. Det blir ikkje mykje stell med forkynnarverksamda, bibelskulen eller kva du måtte nemne, om ikkje det er folk som ber.

Det er ikkje slik at det er så kraftige greier at det går av seg sjølv. Det er mange plassar det gjer det, det går veldig - men det blir inga velsigning av det. Me må alltid be Gud om at me få vera på den plassen at me alltid har

bruk for å «ligge Gud i øret», som dei gamle sa det.

«Høsten er stor, men arbeiderne få. Be derfor høstens herre at han vil drive arbeidere ut til sin høst.» (Mat. 9.37) Det står ikkje den eller den misjonen sin Herre, men haustens Herre, at han driv arbeidarar ut i Lekmannsmisjonens sitt arbeid, i Muhammedanarmisjones sitt arbeid, i Misjonssambandet sitt arbeid - til sin haust. Det er Guds rike me byggjer, og er det noko anna me byggjer, så kan me halda oss heime.

Det stod: Be haustens Herre. Tida er så kort - evigheten så lang. Det er så mange som skulle bergast for himmelen, mellom våre eigne, naboane, i folket vårt, folkeslaga. Dette vitnesbyrdet om evangeliet skal gå som eit vitnesbyrd til alle folkeslag, og så skal enden kome. Så kjem Jesus og hentar si brur. I ventetida skal du og eg få vere med på dette veldige oppdraget. Be haustens Herre at han driv arbeidarar ut til sin haust!

Innsendt av Dag Rune Lid

Stor gave til N.L.L.

Vi vil på vegne av misjonen få seia ein hjarteleg takk for anonym gave på kr. 450.000,-!

Styret

SOMMARSKULANE 1994

Hovedsommarskulen med årsmøte blir som vanleg på Solborg Folkehøgskole i Stavanger, i tida 20. - 24. juli.

Så har vi også i år planlagt sommarskule på IMI Stølen i tida 11. - 14. august.

Styret